

## Standard Linuxklient ved Universitetet i Bergen

IT-avdelinga ved Universitetet i Bergen har valt Fedora Core som sin standard Linuxklient og vil utstyra denne klienten med fylgjande standard programvare:

- Gnome skrivebordsrammeverk
- Evolution kalender- og epostklient
- OpenOffice kontorstøttepakke
- Mozilla Firefox vevlesar
- Mozilla Thunderbird epostlesar

I tillegg vil mykje tilgjengeleg programvare for Fedora Core vera støtta (drifta med lovnad om brukarstøtte ved funksjonssvikt), dette gjeld også skrivebordsrammeverket KDE.

Det er gjort eit val langs tre aksar:

- I valet mellom ein "entusiastversjon" og ein enterpriseversjon har ein i denne runden valt ein entusiastversjon av di dette vil gi betre støtte for nye maskin-modeller (noko som er særskild viktig for støtte til bærbar maskinar og til nye medieteknologiar som USB-pennar, kamera osv.) og inkluderer meir ferdigpakka programvare. Dette valet kan seinare bli endra til den tilsvarende enterpriseversjonen med høgre krav til stabilitet.

- Linux-distribusjon: Valet har i hovudsak stått mellom RedHat og SuSE/Novell, dei to distribusjonane med best støtte frå kommersielle programvare-leverandørar. Fedora Core frå RedHat er vald fordi denne er mykje brukt ved UiB i dag og nokre av MatNat-miljøa har faglege føringar som gjer at dei må bruka denne.

- Skrivebordsrammeverk: Her er Gnome vald, dels fordi denne er betre støtta av aktuelle klientadministrasjonssystem enn KDE, dels avdi den er vald som standard av dei fleste kommersielle leverandørane.

Planen er å setja den standardiserte Linuxklienten i drift ved starten av haustsemesteret 2006. Ut frå erfaringane i dei tradisjonelle Linuxmiljøa vil ein etter kvart kunna tilby Linuxklienten som eit tenleg alternativ også for MS-W brukarar.